

### Valuta

	17.01	16.01
Aus. dollar AUD	6,24	6,24
Danske kr. DKK	103,07	103,17
Euro EUR	7,66	7,67
Jap. yen JPY	7,80	7,89
Kan. dollar CAD	5,92	5,93
Br. pund GBP	9,23	9,27
Sveits. fr. CHF	633,87	634,29
Sv. Kroner SEK	86,71	86,43
US dollar USD	5,99	6,05

Euro/NOK	USD/NOK
↓	↓
÷ 0,13 % (+ 0,01 NOK)	÷ 0,99 % (+ 0,06 NOK)
Renten	Oslo
Kort 3 mnd	Børsen i går
↑	↑
+1,54%	+0,49%

CNTB/OBI/Nord Pool/Reuters

# Prisfall på tømmer

## Dagmar kostbar erfaring for skogeigarar

Store mengder orkantømmer kombinert med lågkonjunktur i Europa gir kraftig fall i tømmerprisane.

### OLAV SKJEGSTAD

olav.skjegstad@r-b.no

**VESTNES:** Det var ikkje ein ledig stol i auditoriet på Gjermundnes vidaregåande skule då skogeigarar i Vestnes og Rauma inviterte medlemmene til møte om situasjonen i skogen etter orkanen Dagmar.

Opprydding, økonomi, forsikring og erstatning var blant dei mange tema som vart tatt opp på møtet.

Ei oversikt så langt viser at 130.000 kubikkmeter skog bles over ende i Møre og Romsdal i orkanen Dagmar i jula. Dette er like mykje som eit år med normal hogst i fylket, opplyser fylkeskogmeister Kristian Bergheim hos fylkesmannen.

**Frå alle kantar.** Ørsta og Volda vart verst ramma, men også i Vestnes og Rauma var det mange som fekk store skadar.


– I Rauma vart Eidsbygda og Rødven hardast råka. Over 6000 kubikkmeter skadd skog er registrert i Rauma, det vil bli meir. Vinden kom frå alle kantar, og det vil krevje mykje manuelt arbeid å rydde opp, seier skogbrukssjef i Rauma, Rune Hovli.

Hans kollega i Vestnes, Svein Arne Nesje, fortel om nesten like store skader i Vestnes. Her er også to plantefelt øydelagt. Hoem, Sætre, Løvika og Fiksdal vart hardast råka.

**Staten stiller opp?** I morgon har representantar for fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane møte med Statens landbruksforvaltning i Ørsta for å gå gjennom situasjonen og vurdere behovet for økonomisk hjelp.

– Før dette møtet kan eg ikkje seie noko om staten vil gå inn med ekstra midlar, seier Kristian Bergheim.

Skogeigarar i Møre og Romsdal er generelt sløve med å forsikre skogen sin, sjølv om premien er låg, heilt ned i 65 øre per dekar. Og



**Stor interesse:** Regionleiar Arvid Eriksen frå allskog orienterer skogeigarar frå Rauma og Vestnes om konsekvensane av orkanen Dagmar.

BEGGE FOTO: OLAV SKJEGSTAD

paradoksalt nok har fleire forsikra skogen mot brann enn mot storm.

– Vi har blitt kontakta av 100 skogeigarar med spørsmål om ønskje om bistand. Det er viktig at folk melder frå om skadar, enten til oss til kommunane, seier regionleiar Arvid Eriksen i Allskog. Han hadde med seg både godt og dårleg nytt til dei framømte skogeigarane.

**Garantert pris til alle.** – Tømmermarknaden i 2012 er dårleg. Vi kunne rydda opp i skogen i løpet av fem månader, men det ville gjeve dårlege prisar. Vi vil ikkje hogge ein pinne før vi har selt den. Men vi garanterer mottak av alt tømmer i 2012 til ein fastsett pris; 340 kroner per kubikk for gran skurtømmer og 240 kroner for gran til massevirke, seier Arvid Eriksen. Dette er 60 kroner mindre per kubikk enn prisen før Dagmar slo til.

Arbeidet med rydding er så vidt i gang i Ørsta, det vil bli full fart i dette arbeidet etter påske.

Skadane på skogen etter nytt-

årsorkanen i 1992 var mykje verre enn denne gongen. Den gongen førte enorme tømmermengder til at tømmeret vart selt til svært låg pris til Tyrkia.

– Slik skal det ikkje bli denne gongen, lova Arvid Eriksen.

I tillegg til det økonomiske tapet er det også stor risiko med å arbeide i stormskadd skog.

**Farleg jobb.** Dette var tema på slutten av møtet, der Jostein Dalen i Aktivt Skogbruk informerte om sikker vindfallhogst og viste instruksjonsfilm for slikt arbeid.

– Det er høg risiko å arbeide med vindfallhogst. Men det er ikkje livsfarleg, dersom ein har erfaring med skogsarbeid og veit kva ein driv med. Dette er ikkje noko for uerfarne folk, seier Rune Horvli.

Arvid Eriksen opplyser at det har vore vurdert å bruke helikopter for å ta ut skog på plassar som ligg vanskeleg til. Men økonomien gjer at dette er svært lite aktuelt etter Dagmar.

**Skader:** Mykje stor skog gjekk også med i orkanen Dagmar.



## TENKER DU...

på å slutte med røyk eller snus?

Ring Røyketelefonen.

Du trenger ikke vite hva du skal spørre om.

Røyketelefonen 800 400 85 [www.slutta.no](http://www.slutta.no)